

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

IV. RELIGIØSE/MAGISKE FORMLAR

[**824**] N-93495. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 52; 1990b: [45]; 1994c: 260, 265; NOR 1986:7.)

Innskrifta står på eit brotstykke av bein, truleg sidebein av storfe. Stykket er 90 mm langt, 25-28 mm breitt og har eit tjukkaste tverrsnitt på 8 mm. Beinet vart funne i 1985, felt FW, hovudfase 4/5. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tidsrommet mellom ca. 1050 og 1150. Det er runer på ei side av beinet. Innskrifta er 54 mm lang og runene er 20 mm høge. R. 1-10 er ganske godt bevarte, og lese måten synest sikker nok. Kvisten på r. 10 er litt defekt, men det kan ikkje vera tvil om at teiknet må oppfattast som **a**. Elles er det kvistliknande merke i beinet mellom r. 2 og 3 og mellom r. 6 og 7. Dette er likevel heilt klårt tilfelleleg påførte merke som ikkje har noko med innskrifta å gjera. Mellom r. 5 og 6 er det ordskilje med tre punkt.

Etter r. 10 og i god avstand frå denne er det elles to tydelege snitt. Det kan vera runeteikn, men kan òg sjåast som tilfelleleg krot. Overflata av beinet er avskala over det første snittet. Det andre ser ikkje ut til å ha vore drege lenger opp enn det som visest i dag. Beinet er godt nok bevart på denne delen av overflata til å visa at det ikkje kan ha vore kontakt mellom desse to snitta. Det er såleis sikkert at dei til saman ikkje utgjer restane av *eitt* frittståande runeteikn. Skal det siste av desse snitta då oppfattast som eit runeteikn rista i same skriveretning som r.1-10, må det oppfattast som **ı** (**R**). I norske innskrifter er det svært sjeldan, berre i to tilfelle, N002 (Bjørneby) og N138 (Oseberg II) er slik **R** kjend (jf. Sannes Johnsen 1968:16). Jamvel om denne innskrifta frå Trondheim synest å vera relativt gammal, er samanhengen her likevel for uviss til at vi kan avgjera om det er dette spesielle runeteiknet vi har å gjera med.

|' |' |' : |' |' |' |' |' |' |'

i s i s a : i s i s a ? ?

Det er uvisst korleis vi skal skjøna innskrifter som denne. Dei to oppatt-tekne sekvensane på fem runer kvar kan nok delast opp på ulike måtar som isolert sett kunne

gi språkleg meining. Eitt element som går att, er t. d. sekvensen **is**. Det kan i seg sjølv godt sjåast som runenamnet *íss* osb. I ein kontekstfri samanheng som denne vil slike framlegg likevel korkje kunna stadfestast eller avkreftast, og dei oppatt-tekne elementa kan like gjerne identifiserast som **isi** og **sa**.

At sekvensane i dette tilfellet kan ha noko å gjera med regla på side a av N825 nedanfor, verkar ikkje rimeleg. Innskrifta har likevel ingen direkte parallell som er kjend, men det synest naturleg å jamføra desse oppatt-tekne sekvensane med tre innskrifter frå Bryggen i Bergen (N628, B404 og B524) og ei frå Narssaq på Grønland (jf. Moltke 1961: 401ff). Dessutan har altså innskrift N825 nedanfor, mellom anna, sekvensen **(i)sasa** oppatt-teke fleire gonger på line a, men der er det all grunn til å sjå oppatttakingane som del av ei elles kjend regle eller eit ordspel (sjå nedanfor). I dei tre innskriftene frå Bergen er sekvensen **si** oppatt-teken i N628 og B404, B524 har tilsvarande repetisjon av sekvensen **se**, medan innskrifta frå Narssaq har **sa** oppatt-teke tre gonger og **is** ein gong (jf. NIyR VI: 46). Helgi Guðmundsson (1975: 188ff) har, som Moltke (1961: 406), freista sjå sekvensen **sa** i Narssaq-innskrifta som ein skrivemåte for substantivet *sær* m ("sjø, hav") og oppfattar det som del av ei (uregelrett) strofe. Jamvel om argumenta for det kan vera gode, vil løysinga likevel vera nokså uviss. Liestøls oppfatning (NIyR VI: 44ff) om at slike remser helst må sjåast som magiske formlar med føremål som er ukjende for oss i dag, kan difor vera like rett, jamvel om det kan seiast å vera ein måte å vika unna tolkingsproblemet på.